



Invitasjon

Redningsselskapet Hordaland ynskjer i samarbeid med Radøy kommune og innbyggjarane å starta Redningsselskapet Ung lag på Radøy.

Redningsselskapet sine Ung-lag er aktivitetsbaserte lokallag for maritimt interessert ungdom mellom 14 og 25 år over heile landet.

Medlemmane i kvart einskild Ung-lag velgjer sitt eige styre og tar slik ansvar for økonomien i laget, aktivitetar og utstyr. Styret avgjer kva for prosjekt og aktivitetar laget skal driva med, og søkjer om økonomisk støtte til å gjennomføra desse.

Redningsselskapet sine unge frivillige gjer ein stor innsats for tryggleik på sjøen mellom anna ved å arrangera formelle kurs for eigne medlemmer og utanforståande. Mellom anna arrangerer dei båtførerkurs, VHF-kurs, brannvern, førstehjelp, HLR- og hjertestarterkurs og livredningsprøven. Denne kompetansehevinga sørgjer i første rekkje for at ungdom som er knytt til Redningsselskapet veit å vera trygge på sjøen, men den gjer dei også til viktige ambassadørar for tryggleik på sjøen i sitt nærmiljø.

For sine eigne medlemmer organiserer Ung-laga spanande og lærerike aktivitetar relatert til sjø- og båtliv. Segling, padling og redningsøvingar er blant dei mest populære aktivitetane.

Redningsselskapet vil saman med Radøy kommune invitera næringsliv, politikarar og andre til informasjonsmøte

Tid: Tirsdag 17. februar kl 13.00-15.00

Stad: Kommunestyresalen på rådhuset

Venleg helsing

Katarina Birkeland

Bente Kopperdal Hervik

Endre Ytreland

Ungdomskoordinator

Rådgjevar kultur

Redningsselskapet